Fullt hus igjen for Andrea på Dønhaug

15.08.2009

Trio som slett ikkje er utkøyrde etter ein lang turne: Andre Rice, Mark Haddock (til høgre) og Fee Dobbin. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen tar til å bli så familiær med ho at det snart rekk med berre fornamnet. Det nordirske fyrverkeriet Andrea Rice var på Dønhaug for gong nummer åtte i kveld (laurdag) og i morgon kveld gjev ho konsert nummer ni der.

Det var nok ein gong fullt hus i kjedlaren med 65 til stades, men forbausande få uskedelingar. Til gjengjeld kom folk både frå Tysnes, Stord, Halsnøy, Fitjar, Arendal og Rosendal.

Mor Andrea og dotter Aoife i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingane mannar seg trulig opp og kjem sundag kveld, for då er det i skrivande stund berre halvfullt. Det blir den siste konserten Andrea gjev på norsk jord i denne omgongen etter ein lang og sikkert anstrengande turne rundt om. Både Austlandet, Nord-Norge og Vestlandet har stått på reiseruta og ein kunne tru at ho og dei to karane ho har med seg no var passeleg utpumpa. Men dei viste ingen teikn til det i kveld - her var det full damp nestan utan stans.

Vi sluttar heller ikkje å undra oss og bli imponert over energien til den spinkle songerska. Og enda meir: Kor stort reservoar ho har å ausa av.
Er det eigentleg noko i den svært rikholdige irske songskatten, som også vi nordmenn er så glade i, ho ikkje kan? I alle fall sit vi med inntrykket av at ho har nye songar å by på for kvar konsert, då med unnatak av dei faste ”sviskane” som vi må alle vera med og syngja. Molly Malone er til dømes ikkje til å unngå!

Når det så gjeld dei to karane var den eine sjølvsagt Andrea sin humørfylte og særprega ektemann Fee Dobbin, som ikkje berre spelar kontrabass, gitar og bodhran, men også er flink med omsyn til muntre og også saftige replikkar. Som sjefen kommuniserar han godt med publikum,. Den andre karen denne gongen var Mark Haddock, som vi truleg ikkje har høyrt maken til før med omsyn til banjospel. Karen er heilt enkelt eit banjofantom!

Andrea sjølv beherskar også fleire instrument, men som før vart vi mest imponert over hennar harpe-akkompagnement. Og så må vi slett ikkje gløyma at dottera Aoife (no ni år) også er med på turneen i år og utgjer eit sjarmerande innslag i konserten.

Ved denne korsvegen skal vi ikkje filosofera ytterlegare over kvifor vi likar irsk musikk, men berre gjengi ein oppfanga replikk i kjedlaren: - Eg går og høyrer Andrea fordi ho gjer meg glad!

Dei som vil høyra henne sundag kveld bør møta fram seinast klokka 19.30.

Av Ola Matti Mathisen

Mark Haddock er eit banjofantom! (Foto: Ola Matti Mathisen)